



LHL Stord

# JULEBREV 2023



Bilde frå Blåturen 2023



Jula 2023.

Julebrev til LHL Stord sine medlemmer på  
Stord, Sveio, Fitjar, Tysnes, Bømlo og Austevoll.



Det er snart jul og enda eit år er over, for LHL sine medlemmer har dette året vert omtrent som tidlegare, når det gjelde tur og trimaktivitetane som Vanntrim, trimturar for damer og herrar, blåtur til Oslo, påske og haustlotteri og lagsmøter.

Her er nokre fakta om aktiviteten i året som snart er over.

Etter årsmøte 28. februar 2023, er det disse som er i styret i LHL Stord.

Leiar: Sverre T. Vinje

Kasserer: Sigmund Borkner

Sekretær : Inger Marie Lothe

Studieveileiar: Thore Medhus

HLR Leder: Kjell Vestrheim

Styremedlemmer: Bodil Særsten, Brit Ertsland

Varamedlemmer: Karl G. Spissøy, Jan Haraldsen, Tove Garli,  
Anton Clausen, Sissel Salmo, Nils. B. Nesse, Magne Hallaråker.

Revisorar: Jørgen Nysæter  
Olav Myhre

Reisekomité: Gunvor og Sverre Vinje, Elin Grethe og Sigmund Borkner,  
Inger Marie Lothe, Brit Ertsland

Aktivitet/Tiltakskomité: Karl G. Spissøy, Sigurd Hystad, Peder Aasheim.

Komité for handarbeid/arbeidsstova og lotteri:

Økonomiansvar.: Sigmund Borkner,

Komité: Tove Garli, Gerd Nilsen Skogseide, Hulda Spissøy og Sissel Salmo

Komité for mat-/kaffi til lagsmøta:

Leiar: Grete Jørgensen

Medlem: Jenny Aarskog

Kaffi ansvarleg: Anton Clausen

Valkomité: Bjarte Gunnarson, Bjarne Kristiansen og Anders P. Valvatne.

## Representantar til Fylkesårsmøte: 2023

Karl G. Spissøy , og Hulda Spissøy,

Varamenn: Tove Garli

Utsendingar til NHLs landsmøte til hausten 2023. Leiar Sverre Vinje kunne ikkje reise. Fylkesårsmøte bestemte da kven som skulle reise. Derfor var det ingen representantar frå LHL Stord.

Signaturrett:

Sverre T. Vinje, Sigmund Borkner og Jørgen Nysæter tildelast signaturrett kvar for seg.

Dei som har hatt styreverv og verv i andre komitear og vært turleiar på tura i skog og mark i denne perioden har gjort ein flott jobb for laget, og til kvart medlemsmøte er det styre som setter opp og dekker borda.

Kjøkkentenesta i år er det Maria Abdallah og Tora Berger Folgerø, og som alltid serverer «Velsmakande smørbrød” og ryddar etter møta. Ansvar og arbeid med kaffikokning har i år vore Anton Clausen. Tusen takk til dåke alle som gjere denne flotte jobben for laget.

Lagsmøta er den siste tysdagen i kvar månad kl.19.00 til ca. 21.00. Etter opninga på haustmøta frå august har vi samla mellom 50–70 medlemer og dette er noko me i styret sete stor pris på. Dette viser også at det er behov for desse samlingane, der all informasjon til medlemene blir gitt, det vere seg møter, tilstellingar, tura og andre sosiale tiltak.

På januar-møtet var Bømlo Trekkspillklubb og underhaldt med song og musikk og nokre allsongar blei det og.

På februar-møtet underheldt Grov og Fjellgardskoret med song og musikk .

På mars-møtet orienterte Elisabeth Almås Danielsen om monitor for bruk til hjarte/lunge overvakning til pasientar som er til undersøking. Dette er en ekstra tryggheit for pasientane, Den monitoren som dei hadde frå før var blitt øydelagt og det var ikkje prioritert i budsjettet for 2022 men med et tilskot på over 70.000 kroner frå LHL Stord blei investeringa gjort i 2022. LHLs sitt styremøte den 09.02.2022 blei det vedtatt eit tilskot på 50 000,- og på styremøtet den 10.01.2023 blei det vedtatt at LHL støtter kjøpet med 100%.

På lagsmøtet i mai blei det song og musikk ved Kjell Aasheim og gjengen .

Lagsmøtet i september var Geir Mikkelson (Stord Hagesenter) og orienterte om stell av blomster/plen/trær/busker om stell før vinteren og om førebuing/ planlegging for våren.



Det aller viktigaste er nok den sosiale delen av møta. LHL Stord har lagt stor vekt på dette og derfor blir det også alltid god tid til kaffikos og prat på møta.

I år som i fjor har me hatt fast ein Quiz-konkurranse og dette har vore positivt der alle har deltatt med innleving og godt engasjement. Som siste post på programmet har me ”Åresal og utloddning” her viser medlemmene eit stort engasjement med kjøp av årer og medbrakte gevinstar, og dette er med på å gi laget overskot til å dekke utgiftene på medlemsmøta, ein flott innsats av medlemmene våre som går på møta.

I år var det LHL Stord som arrangerte Sunnhordlandstreffet på Stord Hotel den 06.10.23 kl.17.00–21.30 , med song og musikk av Bømlo Trekkspillklubb.

Torbjørn Marthinsen formann i Venelaget for Stordø Kisgruber viste blider og fortalte om Stordø Kisgruber då det var gruvedrift, og dugnadsarbeidet som venelaget har utført etter at gruvedrifta blei nedlagt i 1968.

Det var 13 frå Kvinnherad, 14 frå Etne, 66 frå Stord og 10 frå Bømlo trekkspelklubb som møtte på Sunnhordlandtreffet.



## På blåtur med LHL Stord, 7.–10. september 2023

Avreise frå Vabakken søndag 07. september, og 44 forventningsfulle som ikkje aner kor turen skal ende går om bord i bussen som er klar til avreise kl. 9.00. Turen går til Åkrafjorden der vi stopper for kaffi og svele. Videre til Røldal -Haukelisæter der vi tar frukt pause. Fortsette gjennom Telemark til Seljord der vi åt en enkel lunsj på Sjøormen kro.

Turen forsette til Notodden – Kongsberg - Drammen – Oslo. Der vi skal bo på Quality hotel Entry i utkanten av Oslo. Om kvelden fekk vi servert middag. Det ble tidleg kveld etter ein lang busstur.

Etter en god frukost fredag morgen går turen til Norsk folkemuseum Bygdøy

Der får vi omvising i to grupper. Bussen kører ned til Fram museum der vi går på eigenhand rundt i museet, Kører tilbake til hotellet for ein god lunsj. Etter lunsj går turen til Roseslottet som er ein fantastisk Opplevelser.

Så blir det ein frukt pause før turen går tilbake til hotellet. Her får vi en god middag og etterpå sosialt samling med fleire omgangar med bingo.

Etter frukost laurdag går turen til Den Norske opera. Der vi får omvising i to grupper. Det var interessant å sjå salen og verkstader der de sminker og lager parykkar og kostymer. Det er 600 som arbeider fast på operaen.

Bussen tar oss opp til Karl Johan der vi går på eigenhand i tre timer og åt ein individuell lunsj. Vi avsluttet dagen på Dronning Sonja kunst stall før turen går tilbake til hotellet.

Felles middag kl.19.00 med sosialt samvær. Ble bingo denne kvelden også.



Etter frukost søndag gjekk bussen frå hotellet kl 8.30 og vi startar på heimvegen.  
Tar same vegen tilbake. I Mergedal stopper vi ved Skimuseet. Der det vert servert frukt i nydeleg natur. Turen fortsatte til Røldal der vi hadde ein god middag.  
Etter middagen forsetter vi til Åkrafjordtunet der det blir en kort stopp før turen går videre til Vabakkjen.

En stor takk til Kiwi butikkane og Spar butikkane som sponsa LHL Stord med frukt til turen.  
Vi takker også Risdal Touring AS ved innleidg Tide buss og sjåfør Øyvind Unneland for trygg og behageleg transport og Risdal Touring sin inspirerande og oppdatert guide Ingrid Telle på turen til og frå Oslo og dagane i Oslo.

For meir detaljert referat frå turen, vise vi til innlegg i bladet Sunnhordland den 26.09.2023.

Så litt om trimmen og turane som me driv med, dette er tiltak som mange fleire burde delatt på.

Kvar torsdag kl.18.00 er det trim i bassenget i Rehab.senteret, og så har vi diverse turgrupper. Annan kvar onsdag kl. 10.00 går vi i lag med pensjonistane frå Hagerupshuset (Stord pensjonist turlag) og annenkvar onsdag kl.11.00 det motsatte av pensjonist gruppa går LHLs' «Damer på tur», og kvar torsdag kl. 09.00 går vi på tur i lag med «Gutta på tur.» Turgruppa som vi kallar ,for Meistringsgruppa for Kols og hjartesjuke går tur kvar tysdag kl.11.00.

Alle turgruppene har frammøte på Vabakken.

I forbindelse med nemnde aktivitetar har laget behov for nye leiarar til både vanntrim og annan fysisk aktivitet, arranger LHL kurs i vanntrim og i fysisk aktivitet på ulike plasser i løpet av 2023/2024.

Dersom det er nokon av våre medlemmer som kan tenkja seg å gå på eit av kursa og bidra med å bli instruktør hadde dette vore svært positivt,  
påmelding til: Sverre T. Vinje, tlf. 924 40 115.

Fredag den 17. november kl.19.00 arrangera LHL julebord på Stord Hotell, med ein pris på kr. 600,- per stk.

Middag, kaffi, kaker, musikk og underhaldning av Kjell Aasheim og gjengen

Bindane påmelding til Sverre Vinje, tlf. 924 40 115 eller til Sigmund Borkner, tlf. 934 33 153 innan 17.10.2022.

(Det er anledning å melde seg på etter denne datoen dersom det er plass)

Styret håpar at det blir mange som vil bli med på dette årlege arrangementet, der alle er hjarteleg velkomne.

No er det seg snart nytt år og årsmøte der laget skal velje nye tillitsvalgte til styret og dette er ein kamp kvart år for valkomitéen og komme i kontakt med medlemmer som kan tenke seg å gjera ein innsats, men som aldri blir førespurte av ulike grunner. Valkomitéen kjenner ikkje alle, men det er kanskje personar som ikkje går på møter, ikkje deltar på turar/trim ol. dette av ulike grunner kanskje dei går i arbeid enno? Men dei treng ikkje væra med på nokon aktivitet for å være ein god kandidat til eit styreverv, dersom det er nokon av dåke medlemmer som kan tenke dåke å gjera ein innsats for laget, ta kontakt med nokon i valkomitéen.

Styret ynskjer å oppfordre fleire av våre medlemmer til å støtte LHL Stord med Grasrotandel når ein leverer tipping, lotto ,og liknande. Pr.d.d. er det 75 av ca. 590 medlemmene som støttar oss og dette er me veldig glade for , det er berre å opplysa om org.nr. når ein leverer inn kupongane. **LHL Stord sitt org.nr. 998 474 760**, me håpar på at mange fleire av medlemmer vil støtta oss i tida som kjem, for dette er kjærkomne pengar til lokal laget. På forhånd takk.

## **MINNEGAVER TIL LHL STORD.**

Minnegåver er en viktig inntektskjelde til LHL Stord, og ved å kanalisere gåvene til LHL Stord går støtta til det lokale arbeidet som laget driv for medlemmene lokalt.

LHL Stord har konto nr. 3520.56.22134. Denne må nyttas for at laget skal motta og nyte godt av minnegåvene.

### **NB!**

Angåande skrapelodd som LHL sentralt sender ut til medlemmer som ikkje har reservert seg, ikkje kast dei, legg dei i den returkonvolutten som ligg inni og kryss av for at de ikkje ønsker slike lodd og send konvolutten i retur, for dersom de berre kastar dei så får de rekning og må betale for dei.

Me kan sjå tilbake på eit godt arbeidsår i ”laget vårt” både styret og komiteane har gjort ein god jobb for laget.

Arbeidsgruppa har som i fjor laga mange og fine ting i strikking, hekling og som som skal gå til utloddning på haustlotteriet og i tillegg andre gevinstar og gavekort som blir trekt 21. nov.

Då vil styret ønske alle medlemmer og pårørande GOD JUL og GODT NYTTÅR !!!!

For styret.

Sverre T. Vinje (Leiar.)

Inger Marie Lothe (Sekretær)